

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

Dato: 28.5.26

INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING REGULERINGSMØTET VÅREN 2026

Pelagisk Forening viser til invitasjon av 24.4.26.

Sak 2. Økosystemsamanhengar i Nordsjøen mellom bestandar med betydeleg vekst (hyse, kvitting) og nedgang (tobis, øyepål), og moglege reguleringskonsekvensar

Pelagisk Forening viser til artikkel i NRK 19.5.26. Der uttalar havforskar Espen Johnsen, HI, «at nedgangen kan ha sammenheng med den store mengden hyse og kvitting i Nordsjøen. Det er fisk som livnærer seg på tobis.»

<https://www.nrk.no/norge/krisetall-for-viktig-nokkelart-i-nordsjoen--anbefaler-nullfiske-1.17887425?shem=rimspswouoe>,

Tidlegare år har fiskarar hatt problem med stor innblanding av hysa og kvitting i tobisfangstar. Det synest difor sannsynleg at svært store bestandar av hysa og kvitting er ein vesentleg årsak til at det er lite tobis.

Som kjent er det skjeldan hysekvotane blir fiska. Oppheving av oppmalingsforbodet vil kunne føra til auka fiske av hysa. Maksimal lovleg bifangstprosent, av hysa, bør òg opphevast.

Grensa for kor mykje hysa og kvitting det er lov å ha som bifangst, i andre fiskeri, bør òg aukast.

Pelagisk Forening forstår det slik at redusering av minstemålet, på hysa, er til vurdering. Det er fint om direktoratet kan informera om status på dette arbeidet.

Sak 3. Mellombelse erfaringar med førehandstenging av felt for snurrevad i Øst-Finnmark

Førehandstinginga har ført til sal av fiskebåtar, og førehandsstenging er mest truleg negativt for landindustrien i Aust-Finnmark. Det vil vera betre å stenga felt basert på kontrollar. Altså RTC-stengingar.

Sak 5. Eventuelt

Snøkrabbe

Som kjent plar snøkrabbe vera tema på reguleringsmøta i november kvart år.

Det er ein stor føremon om snøkrabbereguleringa er klar i god tid før sesongstart. Dette for at reiarlaga skal kunne planlegga sesongen på ein god måte.

Pelagisk Forening ber om at snøkrabbereguleringa blir drøfta på vårmøtet 2. juni. Pelagisk Forening ser at det kan vera knapt tid til å førebu snøkrabbereguleringa til møtet 2. juni i år, men reguleringa bør vera klar seinast i løpet av oktober.

For komande år bør snøkrabbereguleringa vera ein fast post på møtet om våren.

Kravet om at minst 20 % av krabben blir levert levande bør opphevast. Dette slik at det blir opp til kvar enkelt båt om båten blir levert levande eller frose. Me viser til vårt brev, til NFD, av 30.1.26. Sjå vedlegg.

Røkting av blåkveitebruk

Fiskarar melder at kravet om at blåkveitebruk må røktast minimum annankvar dag fungerer godt på nordlege felt, dvs Røstbanken og nordover.

På dei sørlege felta som Storegga/Storneset er det ikkje store nok førekomstar for å røkte bruka så ofte. Fiskarar melder at blåkveita held kvaliteten godt sjølv om bruk vert ståande både 4 og 5 dagar.

Pelagisk Forening ber om at det blir vurdert om røktingsplikta, for blåkveitegarn, kan endrast til kvar fjerde dag slik som for kveite og breiflabb.

Makrell

Det bør tillast at bifangst av makrell, i fisket etter nordsjøsild, kan sorterast på dekk, og leiast til ein separat tank. Dette for separat levering, og auka verdiskaping.

Eventuelt fiske over flex bør trekkast på fartøynivå, og ikkje på gruppenivå.

Eventuelt fiske over soneadgang bør føra til inndraging på fartøynivå, og føra til at fartøy får fiska tilsvarende mindre i NØS. Eventuelt til tilsvarende lågare soneadgang året etter.

Nordsjøsild

Eventuelt fiske over soneadgang bør føra til inndraging på fartøynivå, og føra til at

fartøy får fiska tilsvarande mindre i NØS. Eventuelt til tilsvarande lågare soneadgang året etter. Det same gjeld for eventuelt fiske av sild under minstemål.

Helsing

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar